



# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for Oktober 2020.

Distrikt 2305  
Klubbnr. RK  
12713

Årgang  
56



---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Oskar Grimstad  
Visepres: Anne Gry Eilertsen  
Sekretær: Vegard Gjerde  
Kasserar: Hanne Rognan  
Past pres: Bjørn Teigene  
Styremedlem: Idar Flø  
Ansv.red.: Anne Gry Eilertsen  
Referent: Anne Gry Eilertsen

---

---

## Venner

En venn er viktig  
En venn er dyktig  
En vennforstår deg  
En venn står for deg.

Om du gråter og er lei  
Så smiler jeg til deg.  
Livet er så ensomt  
Ensomt uten deg.

---

## Referat frå Rotarymøte 5. oktober 2020.

5. oktober orienterte Idar Flø om planane for eit kompetanse, forskings- og utviklingsssenter på Hareid. Kommunen skal søke departementet om å bli ein nasjonal pilot for passasjersikkerheit til sjøs som vert vesentlig for sikkerheita på autonome skip, og er tildelt forskings- og utviklingsmidlar til dette.

### PASSASJERTRYGGLEIK TIL SJØS

Etter Scandinavian Star-ulykka har styresmaktene kome med strengare krav til passasjersikkerheit til sjøs, og Flø meiner Hareid må setje seg i førarasetet på dette feltet. Saman med nokre andre har han etablert selskapet Sea Ern Safety AS, og han orienterte om systemet INTSARC, som kan spore all aktivitet om bord i eit skip. Kvar røyken kjem frå, i kva retning han går, og kven som er levande eller døde om bord, og kven som er på veg mot sjukehus. Informasjonen kan koplast opp mot Hovedredningsentralen og andre redningsinstansar, slik at det kan samhandlast. Informasjonen går via eit "armband" som alle om bord i skipet ber på seg, og blir aktivert berre når det er behov for det.

Marknaden for INTSARC er i følgje Idar Flø både fiskebåtar, tank-, olje-, gass- og passasjerbåtar, men også store bygg på land.

Idar Flø er no ferd med å utarbeide søknader om forskingsmidlar til både dette prosjektet og pilotprosjektet for Autonome skip.

Første steget blir å få på plass ein nasjonal pilot-status for passasjersikkerheit til sjøs, og Flø er overtydd om at dette vil gi store ringverknader for Hareidsamfunnet og regionen. Det vil styrke aktiviteten i eksisterande bedrifter som er knytt til havrommet. Desse bedriftene vil kome til å trenge fleire arbeidsplassar innan Forsking- og utvikling, teknologi og opplæring. Og det vil også styrke reiselivssatsinga på Ytre Søre Sunnmøre.

- Ved det planlagde Hareid Innovasjonssenter i Åsendalen blir der eit treningssenter som blir arena for både næringslivet og kulturen, slo han fast.

Flø kunne også fortelje at Sea Ern Training AS og Sea Ern Academy har planar om å ta i bruk Johan-platten på Ytre Hareid, og at det der skal bli plass til både skip som skal installere sikkerheitsutstyr – og trening av utstyret. Han har trua på at det kan skape mange nye arbeidsplassar, pluss ringsverknader i eksisterande verksemder

## Referat frå Rotarymøte 12. oktober 2020.

Måndag 12. oktober gjennomførte Hareid Rotary Klubb årsmøte på klubbhuset. Både innkalling, sakliste, årsmelding, rekneskap og budsjett vart godkjent av forsamlinga.

## Referat frå Rotarymøte 19. oktober 2020, opptak og foredrag.

Måndag 19. oktober vart Arve Hestholm oppteken som medlem i Rotary. Seremonimeister Johan Ole Brandal stod for opptaket som gjorde Hestholm til fullverdig medlem i Hareid Rotary Klubb. President Oskar Grimstad er fadder til Hestholm.



Hestholm har vore sjømann i ei årrekke, og har vore både på fiskeri, fanst, i utanriks og offshore, og han har blant anna segla som maskinsjef – chief. Han er 65 år gammal, og vart pensjonist ved fylte 60 år. Men i fleire år etter at han vart pensjonist har han vore med på prøveturar for nye Vard-skip.



Einar Måseide var kveldens foredragshaldar. Han har dei siste fem åra site i kommunen sitt Levekårsutval, og formidla ein del tankar om kva dette vervet bør gå ut på.

Men først fortalde han litt om seg sjølv:

Fødd på Hareid i 1946. Faren Johan Måseide dreiv slaktarforretning på Hareid, og i 1953 vart heile familien råka av tuberkulose. Foreldra vart sende til Reknes ved Molde, han sjølv og nokre av søskena til behandling i Oslo.

Etter gymnas flytta Einar Måseide til Bergen for å studere, og han vart aktiv på Venstre-fløya. – Eg beklager det ikkje, det var ei god skulering, slo han fast.

Han har vore lærar både i Oslo, Narvik og Trondheim, men gjekk i 1984 over i forsikringsbransjen, der han jobba i 25 år.

I 2009 flytta han tilbake til Hareid. – Det var ein fornøyelse å kome tilbake til Hareid etter 47 år i utlegg, kommenterte han.

Fornøyeleg var det også å høyre han fortelje om den tida han kom inn på Vipp-tribuna til Leeds med eit pressekort der det stod «Vestposten» på. Dei trudde det var Vestlandets storavis som sat på pressetribuna.

Etter Måseide si meining er Levekårsutvalet det viktigaste politiske organet i kommunen, eit utval som skal verne om innbyggjarane frå ei er fødte til dei døyr. Han meiner Hareid kommune har vore førande når det gjeld sjukeheimsutbygging, og at det i hovudsak er eit godt tilbod til dei eldre i kommunen. – Å vere trygg på at kommunen tek seg av folk som blir eldre er heilt avgjerande.

- Vi må kartlegge behova framover. I dag held fleire eldre seg friskare enn før, og mange er kapable til å bu heime, men vi må ikkje kutte ut sjukeheims plassar. Eldrerådet må involverast. Ingen skal ha eit dårlegare tilbod enn i dag. Det er ikkje byråkratane som skal bestemme korleis eldreomsorga skal vere framover. Eg er derfor redd for utspel om at vi skal gjere endringar for å spare pengar. Dette har vi i Levekårsutvalet eit spesielt ansvar for å følgje opp, slo Einar Måseide fast.

#### KORONARESTRIKSJONAR:

På grunn av ny oppblomstring i Korona-epidemien har styret avgjort at den tradisjonelle Røyrakvelden går ut i år. Men julebord skal det bli, men i år berre for medlemene. Det blir ikkje høve til å ta med ektefeller eller sambuarar.

#### Referat frå Rotarymøte 26. oktober 2020.

Programfritt møte.